




ARTIKLER

90



**UTVIKLINGSTENDENSAR I 1975
I NORGES BEFOLKNING**

Av Ståle Dyrvik

**TRENDS IN THE NORWEGIAN
POPULATION IN 1975**

OSLO 1976

ARTIKLER FRA STATISTISK SENTRALBYRÅ NR. 90

**UTVIKLINGSTENDENSAR I 1975
I NORGES BEFOLKNING**

Av Ståle Dyrvik

**TRENDS IN THE NORWEGIAN
POPULATION IN 1975**

OSLO 1976

ISBN 82 - 537 - 0654 - 5

FØREORD

Denne artikkelen er den første i ein serie oversikter, der ein frå tid til anna vil gjere greie for dei aktuelle utviklingstendensane i den norske befolkninga.

Oversikta er skriven av amanuensis Ståle Dyrvik, som på dette området arbeider for Statistisk Sentralbyrå på konsulentbasis.

Oversikta byggjer på materiale frå den årlege befolkningsstatistikken.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 9. november 1976

Odd Aukrust

INNHALD

	Side
1. Oversyn	5
2. Aldersstrukturen i den norske befolkninga	7
3. Giftarmåla og giftarmålsratene	8
4. Fertiliteten i og utanfor ekteskapet	11
5. Alminnelig fertilitet og reproduksjon	13
6. Mortaliteten	14
7. Flyttingane og befolkningsutviklinga i fylka	17
8. Flyttingane mellom Norge og utlandet	20
9. Samandrag	21

1. Oversyn

Folkemengda passerte 4-millionarmerket utpå ettervinteren 1975 og nådde ved utgangen av året ein storleik som er rekna til 4 017 000. I løpet av 1975 vart det fødd vel 56 000 personar inn i befolkninga, 40 000 gjekk ut ved dødsfall, medan flyttingane til og frå utlandet gav ein vinst på nær 4 800 i netto innvandring.

I tabell 1 er desse tala stilte saman med dei tilsvarande for åra 1965-74. Ein vil av denne tabellen sjå korleis året 1975 teiknar seg inn på ei større utviklingsline: Fødselstalet låg nokså støtt på 66-67 000 fram til 1970. Då byrja det å falla, dei første åra noko ujamnt, men frå 1972 med tiltakande fart. Nedgangen frå 1974 til 1975 var på 5,5 prosent, og ein må tilbake til mellomkrigstida for å finna endringar av ein slik storleiksorden. Også når det gjeld dødsfall føyer 1975 seg inn i eit meir langsiktig mønster. Talet på døde har vore svakt stigande sidan kring 1950, og i 1975 har det for første gong passert 40 000. Desse to motsette rørslene i antalet fødde og døde har slege kraftig ut på fødselsoverskotet eller den naturlege folkeauken i landet, som er blitt redusert frå 30 000 til 16 000 på sju-åtte år. Utslaget på den reelle folkeauken er likevel mindre fordi ein i tidsrommet etter 1965 har fått eit omslag frå netto utvandring til netto innvandring. Frå 1972 har nettoinnvandringa lege nokså støtt kring eit nivå på 4-5 000. I 1975 bidrog ho såleis med innpå ein fjerdepart av den reelle folkeauken i Norge.

Forandringane er gjevne som fødsels- og dødsrater (rekna i promille av folkemengda) og som vekstrater (rekna i prosent). Hovudtrendane med raskt fall i fødselrata og svak stigning i dødsrata står no endå eit grann klarare. Den årlege tilveksten i den norske befolkning er i 1975 komen ned på om lag 0,5 prosent, mot 0,8 gjennom det meste av etterkrigstida. Tida befolkninga treng for å dobla seg er dermed auka frå 80 til 135 år. For verda under eitt reknar ein den aktuelle folkeauken til 2 prosent i året og doblingstida til 35 år. For gruppa av u-land er veksten på dryge 2,5 prosent og doblingstida kring 28 år.

Dei to tabellane skulle visa at det mest oppsiktsvekkjande trekket i norsk befolkningsutvikling dei seinaste åra må vera nedgangen i fødselstalet, ein nedgang som har vore sterkare i 1975 enn i nokon av dei føregåande åra. Mønsteret i tala for dødsfall og nettoflyttingar verkar til motsetnad heller stabilt, endå flyttingane snøgt kan koma til å endra seg med ein annan offentleg politikk. Det er difor rimeleg at ein vesentleg del av interessa i dette oversynet over norsk befolkningsutvikling i 1975 blir knytt til fødselstalet og dei bakanforliggjande faktorane som påverkar det.

Tabell 1. Befolkningsutviklinga i 1965-1975. Absolutte tal *Population movement in 1965-1975. Number*

År <i>Year</i>	Folke- mengd pr. 1/11) <i>Popu- lation per 1/11)</i>	Fød- sler <i>Births</i>	Døds- fall <i>Deaths</i>	Natur- leg folke- auke ²⁾ <i>Natu- ral in- crease²⁾</i>	Netto- inn- van- dring <i>Net immi- gra- tion</i>	Reell folke- auke ³⁾ <i>Net in- crease³⁾</i>
1965	3 708 609	66 277	35 317	30 960	-1 873	29 087
1966	3 737 696	67 061	36 010	31 051	-945	30 106
1967	3 767 802	66 779	36 216	30 563	2 357	32 920
1968	3 802 479	67 350	37 668	29 682	1 706	31 388
1969	3 834 844	67 746	38 994	28 752	2 115	30 867
1970	3 866 468	64 551	38 723	25 828	-969	24 859
1971	3 888 305	65 550	38 981	26 569	6 615	33 184
1972	3 917 773	64 260	39 375	24 885	4 423	29 308
1973	3 948 235	61 208	39 958	21 250	3 444	24 694
1974	3 972 990	59 603	39 464 ⁴⁾	20 139 ⁴⁾	4 922	25 061 ⁴⁾
1975	3 997 525	56 345	40 008 ⁴⁾	16 337 ⁴⁾	4 769	21 106 ⁴⁾
1976	4 017 101					

1) Frå 1971 årleg oppteljing på grunnlag av det sentrale personregisteret. 2) Differansen mellom fødsler og dødsfall. 3) Naturleg folkeauke pluss nettoinnvandring. 4) Førebels tal.

1) From 1971 annual figures on the basis of Central Population Register.

2) Difference between births and deaths. 3) Natural increase + net immigration. 4) Provisional figures.

Tabell 2. Befolkningsutviklinga i 1965-1975. Relative tal *Population movement in 1965-1975. Relative figures*

År <i>Year</i>	Fødselsrate pr. 1 000 <i>Birth rate per 1 000</i>	Dødsrate pr. 1 000 <i>Death rate per 1 000</i>	Naturleg vekstrate ¹⁾ i prosent <i>Natural growth, percentage¹⁾</i>	Reell vekstrate ²⁾ i prosent <i>Net growth²⁾ percentage</i>
1965	17,8	9,5	0,83	0,78
1966	17,9	9,6	0,83	0,80
1967	17,8	9,6	0,81	0,87
1968	17,6	9,9	0,78	0,82
1969	17,6	10,1	0,75	0,80
1970	16,6	10,0	0,67	0,64
1971	16,8	10,0	0,68	0,85
1972	16,3	10,0	0,63	0,75
1973	15,5	10,1	0,54	0,62
1974	15,0	9,9	0,51	0,63
1975	14,1	10,0	0,41	0,53

1) Differansen mellom fødsler og dødsfall, sett i høve til middelfolke- mengda. 2) Naturleg folkeauke pluss nettoinnvandring, sett i høve til middelfolkemengda.


1) Difference between births and deaths, in relation to mean population.

2) Natural increase plus net immigration, in relation to mean population.

2. Aldersstrukturen i den norske befolkninga

Figur 1 gjev ei grafisk framstilling av korleis Norges befolkning ved utgangen av 1975 fordeler seg med omsyn til kjønn og alder. Denne såkalla alderspyramiden er prega av ei sterk innsnevring i aldersgruppene mellom 30 og 50 år. Den avspeglar dei låge fødselstala som landet hadde i perioden 1925-45. Etterkrigskulla har vore vesentleg større og gjev pyramiden ein brei fot å stå på. Ein vil likevel sjå ei ny innsnevring i den aller nederste aldersgruppa. Den er det synlege utslaget av det fallande fødselstalet sidan 1969.

Folkemengden etter alder i 5-årige aldersgrupper 31/12 1975



Det første spørsmålet som no reiser seg, er om alderssamsettinga i befolkninga kan forklara noko av nedgangen i fødselstalet i dei siste åra. Har eit minkande tal foreldre drege med seg eit minkande tal fødselar?

I det siste tiåret har 65-70 prosent av dei levandefødde hatt mødrer i alderen 20-29 år. Dette har sjølvsagt samanheng med at fleirtalet av kvinner gifter seg i 20-25-årsalderen og får sine barn tidleg i ekteskapet. No viser alderspyramiden at dei to gruppene 20-24 og 25-29 år høyrer til dei største i heile befolkninga. Nedgangen i fødselstalet har med andre ord skjedd samstundes med at dei første store årsklassane frå etterkrigstida rykte opp i den mest fruktbare alderen. Nedgangen kom i eit tidsrom då ein under elles like forhold skulle ha venta ein monaleg auke i fødselstalet. Dermed skulle det også vera fastslege at forandringane i den reproduktive åtferda i befolkninga må ha vore endå mykje kraftigare enn fallet i fødselstalet åleine skulle tyda på. Med reproduktiv åtferd forstår ein då tendensen til å inngå ekteskap og til å få barn.

3. Giftarmåla og giftarmålsratene

Då langt dei fleste fødselar stadig førekjem i ekteskap (sjå tabell 3), vil det vera naturleg å ta til med å sjå om talet på giftarmål har endra seg, om eit nytt giftarmålsmonster har ført til ein minkande andel gifte og dermed færre potensielle foreldre i befolkninga.

Tabell 3. Levandefødde utanfor ekteskap. 1950-1975. Prosent *Illegitimate live births. 1950-1975. Percentages*

År <i>Year</i>	Prosent <i>Percentage</i>	År <i>Year</i>	Prosent <i>Percentage</i>
1950	4,1	1971	7,9
1955	3,5	1972	8,7
1960	3,7	1973	9,1
1965	4,6	1974	9,3
1970	6,9	1975	10,3

Tabell 4 syner talet på inngåtte ekteskap i perioden 1960-1975. Som i tilfellet med fødselane har innrykket av dei store årsklassane i den vanlegaste giftarmålsalder ikkje ført til anna enn ein forbigåande auke i talet på giftarmål. Frå 1974 til 1975 skjer det ein klar nedgang som

ikkje kan forklarast med talet på dei gifteferdige, men som må grunna seg på at eit nytt giftarmålsmonster er i ferd med å slå gjennom.

Eit visst inntrykk av det nye mønsteret kan ein få ved å observera gjennomsnittsalderen åt førstegongsgifte. I 1970 var han fallen med rundt 4 år for menn og 3,5 år for kvinner i høve til tjue år tidlegare. Men kring 1970 stabiliserte han seg, og i 1974 kunne ein registrera den første auken - førebels berre på eit par tiandedels år.

No er det frå 1971 råd å gjera årlege utrekningar der ein kan fjerna dei to faktorane som skiplar vårt bilete av giftarmålsmonsteret, nemleg det ulike antal personar i dei ymse årsklassane som ugifte på ekteskapsmarknaden kjem frå, og avgangen ved død blant desse ugifte. Det "reine" giftarmålsmonsteret som då kjem fram skal vi her summera opp i ein gjennomsnittleg giftarmålsalder og ein andel ugifte ved fylte 50 år i eit tenkt kull av unge som gjennomlever aldersspennet 15-49 år utan dødsfall. Resultata er gitt i tabell 4 saman med ei tilsvarande utrekning for 1960.

Tabell 4. Giftarmål og skilsmål 1960-1975 *Marriages and divorces 1960-1975*

År Year	Giftarmål Marriage ages	Skilsmål Divorces	Giftarmålsmonsteret ¹⁾ <i>Marriage pattern¹⁾</i>			
			Gjennomsnittleg giftarmålsalder <i>Average age at marriage</i>		Prosent ugifte ved fylte 50 år <i>Percentage unmarried at age 50</i>	
			Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>
1960	23 651	2 379	26,29	23,22	8,0	3,6
1965	24 185	2 581				
1966	27 680	2 672				
1967	29 154	2 876				
1968	29 441	3 058				
1969	29 630	3 146				
1970	29 370	3 429				
1971	29 510	3 731	25,28	22,74	8,6	4,7
1972	28 596	4 002	25,34	22,84	9,8	5,2
1973	28 141	4 664	25,42	22,92	10,9	5,9
1974	27 344	5 156	25,76	23,20	11,5	6,5
1975	25 898	5 577	25,99	23,52	13,5	7,6

1) Utrekna for eit tenkt kull som gjennomlever aldersspennet 15-49 år utan dødsfall.

1) *Calculated for a hypothetical cohort passing the age period 15-19 without deaths.*

Av tabellen ser vi at den "reine" giftarmålsalderen har vore stigande for begge kjønn sidan 1971, først langsamt, sidan med dryge sprang oppover både i 1974 og 1975. Det same gjeld andelen ugifte ved 50 år. Ein større del av dei unge tenderer no tilsynelatande til å vera ugifte. Den klare skilnaden mellom kjønna botnar i at mennene er i over-skot i alle dei aktuelle aldersgruppene, og dessutan har gifta seg med kvinner frå ei lågare aldersgruppe (20-24 år i 1975) som er mindre enn den dei sjølve tilhøyrrer (25-29 år) (sjå figur 1). Her er altså tale om ein dobbel tendens i retning av seinare ekteskap og mindre utbreidde ekteskap, og utviklinga av dette nye mønsteret har skote vesentleg fart dei siste par åra.

Glidinga mot eit nytt giftarmålmønster slår etter kvart merk-bart ut på antalet giftarmål i det einskilde året. Då ikkje mindre enn 30 prosent av fødslane eit gjeve år skjer i ekteskap som er inngått same år eller året i førevegen, breier verknaden seg vidare til fødsels-talet. Svikten i giftarmåla i 1974 og 1975 forklarar såleis noko av fødselsnedgangen i 1975 og gjev grunn til å spå ein vidare nedgang i 1976.

Utslaga på andelen gifte i alderen 15-49 år i befolkninga vil derimot bruka lang tid på å visa seg. Dette kjem av at bestanden gifte er så stor i høve til den årlege utskiftinga ved nye giftarmål og skils-mål/dødsfall. Den nye trenden i giftarmålsratene i Norge sidan 1970 har såleis ikkje ført til nemneverdige endringar i andelen gifte i ei så sentral aldersgruppe som 20-29 år. Sannsynlegvis må trenden forsterka seg om det skal bli særlege utslag innan 1980.

Andelen gifte i dei fruktbare aldersgruppene er også påverka av avgangen ved skilsmål. Tabell 4 syner at talet på skilsmål har vore snøgt stigande frå 1960 til 1975, med mellom ei dobling og ei tredobling i dette tidsrommet. Berre frå 1974 til 1975 var auken på 8,2 prosent, men jamvel det er vesentleg mindre enn stigninga på 16,5 prosent frå 1972 til 1973. Skilsmålsrata (rekna pr. 1 000 gifte) er høgast mellom 25 og 30 år, men sidan 1970 har veksten i denne rata vore snøggast i aldersgruppene mellom 30 og 45 år. Derimot synest auken i aldersgruppene under 30 år å ha avteke mykje i 1974 og 1975. Dette kan vera eit føre-varsel om at den kraftigaste auken i skilsmåla no er forbi. Det ligg nær å sjå dette i samband med utbreiinga av eit nytt giftarmålmønster med seinare giftarmål og fleire varig ugifte.

4. Fertiliteten i og utanfor ekteskapet

Som alt vist i tabell 3 blir langt dei fleste barn framleis fødde i ekteskap. Ein vil likevel merka seg at andelen fødslar utanfor ekteskap har vore stigande sidan 1960 og særleg raskt dei siste fem åra. Frå 1974 til 1975 steig andelen frå 9,3 til 10,3 prosent. Endringane i forholdet mellom ekteskapelege og ikkje-ekteskapelege fødslar kunne ha skuldast forskyvingar i forholdet mellom gifte og ugifte i dei fruktbare aldersgruppene. Men vi har alt fastslege at slike endringar ikkje har skjedd dei seinaste åra. Fylgjeleg må den stigande andelen utomekte-skapelege fødslar tilskrivast endringar i den reproduktive åtfærd blant gifte og ikkje-gifte. Fertiliteten må ha endra seg i dei ikkje-giftes favør.

Fertilitet (fruktbarhet) er forholdet mellom fødslar og antal kvinner i reproduktiv alder, oftast 15-44 år. Her skal vi dela kvinnene inn i femårs aldersgrupper og rekna ut ei fertilitetsrate for kvar aldersgruppe. Fertilitetsrata fortel det gjennomsnittlege fødselstalet pr. 1 000 kvinner pr. år i vedkomande aldersgruppe. I tabell 5 er dette gjort for gifte kvinner.

Tabell 5. Fertilitetsrater i ekteskap. Pr. 1 000 gifte kvinner *Marital fertility rates. Per 1 000 married females*

Årleg gj.snitt År <i>Annual average Year</i>	Aldersgrupper <i>Age groups</i>					
	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44
1959-62	555	330	215	133	71	26
1969-70	587	307	191	103	48	13
1971	563	295	182	94	43	11
1972	561	281	180	88	38	10
1973	517	265	169	84	34	8
1974	512	261	164	79	30	7
1975	492	247	157	72	27	6

Det går tydeleg fram av tabellen at den ekteskapelege fertiliteten er på snøgg tilbakegang. Trenden nedover byrja etter alt å døma i 1966, men har hatt noko vekslende fart. Ser ein på dei to viktigaste aldersgruppene 20-24 og 25-29 år, vil ein oppdaga at nedgangen var måteleg i 1972 og 1974 i høve til 1973 og framom alt 1975. Dei største prosentvise endringane har råka kvinner under 25 år og over 30 år. No er det

viktig å halda fast ved at ein observerer ulike kvinner som har sine forskjellige reproduktive historier. For dei yngre kan det vera tale om ei mellombels utsetting av fødselar, for dei eldre om ein fertilitetsreduksjon som fylgje av mange fødselar tidleg i ekteskapet for 10-20 år sidan. Likevel burde ein etter ti års fertilitetsfall kunna sjå det nye mønsteret ta form. Var det berre tale om ei utsetting av fødselar, skulle fertilitetsratene i aldersgruppene over 30 år etter kvart ta til å stabilisera seg eller auka. Men det er førebels ikkje teikn til noko slikt. Inntrer ikkje eit skifte i dei aller næraste åra, vil ein måtta dra den slutning at hypotesen om utsetting av fødselar ikkje held, og at det nye mønsteret kort og godt inneber lågare fertilitet og lågare barnetal enn det vi hadde i Norge fram til midten av 1960-åra.

Fertilitetsratene for ikkje-gifte (ugifte og før gifte) går fram av tabell 6. Som venta er dei berre ein brøkdel av dei tilsvarande ratene for gifte. Dei viser likevel eit noko anna utviklingsmønster. Dei er stigande gjennom 1960-åra og eit stykke inn i 1970-åra, altså motsett ratene for gifte. Men i 1973 kom det første varselet om ei vending til nedgang. 1974 stadfeste dette inntrykket. Ratene gjekk ned i alle aldersgrupper utanom 25-29 år. Meir har det førebels ikkje vorte av nedgangen. I 1975 var ratene atter høgare i nesten alle aldersgrupper. Den ikkje-ekteskapelege fertilitet er ikkje på kurs med den ekteskapelege.

Tabell 6. Ikkje-ekteskapelege fertilitetsrater. Pr. 1 000 ugifte og før gifte kvinner *Non-marital fertility rates. Per 1 000 not married females*

Årleg gj.snitt År <i>Annual average Year</i>	Aldersgrupper <i>Age groups</i>					
	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44
1959-62	6	17	16	11	6	2
1969-70	13	24	20	14	9	2
1971	16	30	24	15	9	2
1972	17	31	23	17	7	3
1973	17	30	23	16	8	2
1974	16	29	26	14	8	2
1975	17	30	24	15	9	2

Denne utviklinga er viktig fordi den vedkjem spørsmålet om ei ny haldning til ekteskap og familie, den som er uttrykt i dei såkalla "papirlause ekteskap". Førebels veit ein lite om utbreiinga av ulike samlivsformer i vårt land. Det er difor mykje av ei gissing at dei papirlause ekteskapa skulle ha blitt vanlege i løpet av dei siste åra. Kan befolkningsstatistikken gje oss noko sikrare haldepunkt? Giftarmålsdata har fortalt oss om ein tendens i retning av høgare medelalder ved første ekteskap og ein større andel varig ugifte. Men tendensen er berre fem år gamal, og det er enno for tidleg å seia visst kva det nye giftarmåls-mønsteret vil bli. Det kan tenkjast at endringane til sjuande og sist går på giftarmålsalderen, og at det tradisjonelle ekteskapet ikkje er på veg ut. Granskar ein derimot også den ikkje-ekteskapelege fertiliteten, snevrar alternativa seg tilsynelatande inn. Når denne fertiliteten ikkje går ned, trass i det kraftige fertilitetsfallet blant dei gifte som skulle vera den normsetjande majoritet i befolkninga, ligg det svært nær å søkja forklaringa i ei større utbreiing av samliv utanfor ekteskap. Og vel å merka er det berre den barnefødande delen av samliva som kjem til uttrykk i den ikkje-ekteskapelege fertiliteten.

5. Alminneleg fertilitet og reproduksjon

Forutan ekteskapelege og ikkje-ekteskapelege fertilitetsrater kan ein, når ein set fødslane i høve til alle kvinner i fruktbar alder, rekna ut alminnelege fertilitetsrater. Desse tek då opp i seg og gjev eit slags samlande uttrykk for endringar både i giftarmålstendensen og i fertiliteten i dei to undergruppene av den kvinnelege befolkninga. Ratene dannar også utgangspunktet for utrekning av eit par enkle samle-mål på reproduksjonen i befolkninga.

Det første av desse måla er det såkalla samla fertilitetstalet (sjå tabell 7). Det viser antalet levandefødde for ei gjennomsnittskvinne som lever gjennom heile sin fruktbare periode frå 15 til 50 år. Det er altså ikkje tale om sluttbarnetalet i ekteskapet, som vanlegvis vil liggja 10-15 prosent høgare, avhengig av forholdet mellom gifte og ugifte i befolkninga.

Det samla fertilitetstalet minka frå 1971 til 1975 med så mykje som 20 prosent. Berre det siste året frå 1974 til 1975 var nedgangen på rekordstore 6,6 prosent. Frå fertilitetstalet kan ein rekna seg vidare til nettoreproduksjonstalet. Det tek omsyn til avgangen ved død blant kvinnene og viser kor mange jentebarn ei kvinne i gjennomsnitt føder i

løpet av den fertile perioden. Tabell 7 syner at nettoreproduksjonstalet, som i etterkrigstida lenge låg på vel 1,3, fall til omtrent 1 i 1974 og vidare til 0,95 i 1975. Dette betyr at med fertilitetsmønsteret frå 1975 vil ein mødregerasjon ikkje greia å erstatta seg sjølv. Reproduksjonen er no innstilt på nedgang i befolkninga.

Det låge reproduksjonstalet vil likevel ikkje få fylgjer for folkemengda på kort sikt. Det må bli ståande over fleire tiår før det får verknader på folkeauken. Reproduksjonstalet for 1975 må difor oppfattast som eit varsel, gjeve i svært god tid, om at ein ny situasjon er i ferd med å oppstå for den norske befolkninga.

Tabell 7. Samla fertilitetstal og nettoreproduksjonstal 1965-1975
Total fertility rate and net reproduction rates 1965-1975

År <i>Year</i>	Samla fertilitetstal <i>Total fertility rate</i>	Netto reproduksjonstal <i>Net reproduction rates</i>
1965	2,92	1,37
1966	2,89	1,36
1967	2,79	1,33
1968	2,75	1,30
1969	2,69	1,28
1970	2,51	1,19
1971	2,49	1,19
1972	2,38	1,14
1973	2,23	1,06
1974	2,13	1,03
1975	1,99	0,95

6. Mortaliteten

Det langsamt stigande talet på døde ut gjennom etterkrigstida skuldast ikkje noka forverring i mortalitetstilhøva, men ei endring i alderssamansettinga med ein raskare vekst i dei høgaste aldersgruppene enn i den øvrige befolkninga. Frå utgangen av 1970 til utgangen av 1975 var den samla folkeauken i Norge på 3,3 prosent. I same tidsrom auka den eldre delen av befolkninga, personar 65 år og derover, med heile 10,0 prosent. Den raskare veksten i dei høgare aldersgruppene har samanheng med at overlevingsutsiktene betra seg snøgt i dei på lag jamstore fødselskulla frå femtiårsperioden før 1925. Frå 1925 minka fødselskulla (sjå

figur 1), og når desse små kulla kring 1990 for alvor rykkjer inn i dei aldersgruppene der avgangen ved død er stor, vil dødstalet koma til å falla merkbart om mortaliteten ikkje stig monaleg. Men til dess vil vi enno i ein femtenårsbolk ha stigande dødstal i Norge.

Dei bakanforliggjande mortalitetstilhøva blir vanlegast kartlagde ved utrekning av dødsrisikoane på dei ymse alderssteg. Desse let seg oppsummera i eit enkelt samlemål, den forventa levealderen ved fødselen. Dette målet fortel kor mange år i gjennomsnitt eit levandefødd barn vil få å leva dersom det vert utsett for dei dødsrisikoane som rådde på eit visst tidspunkt. Den forventa levealderen ved fødselen er oppstilt i tabell 8.

Levealderen for menn, som etter meir enn eit sekels ubroten oppgang gav seg til å falla i 1960-åra, har atter stige monaleg og er i dag godt over det tidlegare toppnivået frå 1956-60. Levealderen for kvinnene, som på førehand var høgare enn mannens, har stige utan avbrot og vesentleg snøggare gjennom heile tidsrommet. Dette har ført til ei sterk utviding av skilnaden mellom dei to kjønna, og først i dei aller seinaste åra er det teikn til at denne skilnaden byrjar å stabilisera seg. Det meste av ulikskapen mellom kjønna ligg i det lange aldersspennet frå 15 til 70 år, der dødsrisikoane heile vegen er dobbelt så høge for menn som for kvinner. Dette kan tyda på at årsakene er mange og har med eit heilt livsmønster å gjera.

Tabell 8. Forventa levealder ved fødselen for menn og kvinner
Expectation of life at birth for males and females

Årleg gj.snitt År <i>Annual average Year</i>	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>	Skilnad <i>Difference</i>
1956-60	71,32	75,57	4,25
1961-65	71,03	75,97	4,94
1966-70	71,09	76,83	5,74
1971-72	71,24	77,43	6,19
1973-74	71,50	77,83	6,33
1975	71,78 ^x	78,10 ^x	6,32 ^x

^x Førebels tal.

^x *Provisional figures.*

Ein stor del av vinstane i levealder vart tidlegare tekne ved minsking av spedbarndøden. Tabell 9 viser at spedbarndøden no er så redusert at det neppe kan ventast større framsteg på dette feltet lenger. Enkeltår med tilbakeslag stadfester eit slikt inntrykk.

Tabell 9. Dødsrate for spedbarn (døde under 1 år pr. 1 000 levande-fødde). 1961-1975 *Infant mortality rates (deaths under 1 year of age per 1 000 live births)*. 1961-1975

År Year	Gutar Males	Jenter Females	Skilnad Difference
1961-65	19,2	14,9	4,3
1966-70	15,7	12,0	3,7
1971	15,0	10,4	4,6
1972	13,5	9,9	3,6
1973	14,0	9,7	4,3
1974	12,3	8,5	3,8
1975	12,5	9,4	3,1

Over spedbarnsalderen er det stadig noko å vinna. Den forbigåande nedgangen i forventa levealder for menn i 1960-åra kan førast tilbake til ein høgare dødsrisiko for middelaldrande og eldre. Den nye framgangen etter 1970 har dels sin bakgrunn i at dødsrisikoane atter har teke til å minka i desse aldersgruppene, men ein vil merka seg at dei enno i 1975 er høgare på alle alderstrinn frå 40 år og oppetter enn dei var i 1956-60. Viktigast er den fallande mortaliteten blant barn under 15 år. Sidan 1970 er det no aldersgruppa 15-29 år som er blitt hangande etter i ei elles positiv utvikling.

For kvinner var dødsrisikoane fallande i alle aldersgrupper fram til 1970. Sidan har det skjedd det same her som for mennene: Nedgangen i dødsrisiko har stansa opp for aldersgruppa 15-30 år, men halde fram for dei øvrige.

Ned gjennom dette hundreåret har det gått føre seg ei kraftig utjamning av dødsfalla gjennom kalenderåret. Den ein gong så framtreddande toppen i perioden desember-april er no lite synleg anna enn i år med innbrot av epidemisk sjukdom, vesentleg som influensa. Den største epidemien i seinare tid gjekk i desember og januar 1969-70 og gav tilsaman nesten 2 000 fleire dødsfall i desse månadene enn det normalmønsteret skulle tilseia. Liknande utbrot kan registrerast i desember-januar både i 1971-72 og 1973-74. Det byrja også eitt i desember 1974 som tøygde seg heilt inn i februar 1975. Desse tre månadene gav over 900 fleire

dødsfall enn om ein jamfører med dei tilsvarande månadene i 1972-73, som var utan større sjukdomsåtak. Jamvel om det her i høg grad er tale om framskunda dødsfall blant dei eldste og svakelegaste i befolkinga, er tala store. Det kan såleis til samanlikning nemnast at talet på omkomne ved trafikkkulykker har lege på 5-600 i dei same åra.

7. Flyttingane og befolkningsutviklinga i fylka

Med flyttingar er det i den offisielle statistikken meint flyttingar som inneber skifte av bustadkommune. Som det går fram av tabell 10, har talet på slike flyttingar lege etter måten stabilt i den seinare tid. Det store utslaget i 1970 skuldast hovudsakeleg at folketeljinga dette året avdekte flyttingar som skulle ha vore innmelde til folke-registera åra i førevegen.

Tabell 10. Flyttingar mellom kommunane. 1968-1975 *Internal migration. 1968-1975*

År <i>Year</i>	Flyttingar <i>Migrations</i>	Flyttingar pr. 1 000 inn- byggjarar <i>Migrations per 1 000 population</i>	Talet på kommunar <i>Number of municipalities</i>
1968	182 584	47,7	451
1969	189 003	48,8	451
1970	232 100	59,9	451
1971	191 156	48,8	449
1972	190 175	48,4	444
1973	190 513	48,1	444
1974	192 962	48,4	443
1975	189 622	47,3	443

Då dei innanlands flyttingane i eit år som 1975 er tre gonger fleire enn fødslane og tolv gonger større enn fødselsoverskotet, må dei få stor innverknad på befolkningsutviklinga i distrikta i dei tilfelle då dei dannar tydelege nettostraumar. Tabell 11 syner at slike nettostraumar finst, og at dei har undergått vesentlege omkastingar sidan 1970.

Det mønsteret som prega flyttingane mellom landsdelene i slutten av 1960-åra, kan førast attende til byrjinga av etterkrigstida. Det er kjenneteikna ved ein klar nettostrøm av flyttarar til Sørlandet og først og fremst Austlandet frå dei øvrige landsdelene. Særleg iaugefallande er den store avgangen frå Nord-Norge. Men i 1971 braut dette mønsteret brått saman. Nettoflyttinga til Austlandet minka snøgt og var jamvel negativ i 1973. I staden fekk Trøndelag og seinare Nord-Norge og Vestlandet netto innflytting, om enn i måtehaldent omfang. Dette var særleg merkbart for Nord-Norge, som berre på eit par års tid fekk stansa eit årleg flyttetap på 5 000. Men denne nye stoda vara berre til 1974. Då tok det gamle mønsteret til å tre fram att, med fråflytting frå Trøndelag og Nord-Norge og tilflytting til Austlandet. I 1975 vart trenden ytterlegare forsterka, no også med Vestlandet på minussida. Tala frå dei to siste åra tyder altså på at det dramatiske omslaget i 1971-73 kan ha vore reint forbigåande.

Tabell 11. Nettoflytting for landsdelene. 1968-1975 *Net migration for regions. 1968-1975*

År Year	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Norge
1968	5 392	579	-1 750	-104	-4 117
1969	5 839	787	-1 345	-141	-5 140
1970	6 795	614	-1 725	-160	-5 524
1971	2 221	942	-408	-116	-2 639
1972	416	676	-750	222	-564
1973	-381	800	-740	251	70
1974	266	885	81	-323	-909
1975	1 153	757	-503	-202	-1 205

Korleis vil så ei eventuell tilbakevending til flyttemønsteret frå 1960-åra påverka befolkningsutviklinga i fylka? Det sterke fallet i fødselstala frå 1969 har gjort seg gjeldande i alle fylka og har sett dei i ei ny stilling andsynes flyttingane. Tabell 12 viser korleis nedgangen i fødselstala har tært på fødselsoverskotet (den naturlege folkeauken) i tida frå 1969 til 1975, med ei halvering og meir i dei fleste fylka på Austlandet og i Nord-Norge, og endåtil fødselsunderskot i Oslo og Hedmark. Minst har nedgangen vore i Agderfylka og på Vestlandet.

Oppgåvene over nettoflyttinga for fylka viser at utviklinga har vore til føremon for Austlandsfylka utanom Oslo og Akershus. På Vestlandet har Rogaland og Sogn og Fjordane fått monaleg innflytting, medan stillinga for dei andre fylka på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Norge etter eit kortvarig pusterom igjen er prega av tiltakande utflytting. Hordaland har framleis eit drygt fødselsoverskot å tæra på, medan Møre og Romsdal med ei eventuell ny utflytting lik den i 1960-åra vil sjå si folkemengd stagnera eller falla. Nordland og Finnmark er i 1975 attende på nær balanse mellom naturleg tilvekst og nettoutflytting, og skulle flyttetala frå 1969 koma igjen, vil eit raskt fall i folkemengda vera uunngåeleg.

Tabell 12. Naturleg folkeauke (fødselsoverskot) og nettoflytting. Fylke. 1969, 1973 og 1975 *Natural increase (excess of births) and net migration by county. 1969, 1973 and 1975*

Fylke <i>County</i>	Naturleg folkeauke <i>Natural increase</i>			Nettoflytting <i>Net migration</i>		
	1969	1973	1975	1969	1973	1975
Østfold	1 161	776	531	597	306	26
Akershus	3 615	3 215	2 625	7 492	2 093	1 405
Oslo	1 181	32	-338	-3 184	-4 976	-3 103
Hedmark	647	214	-7	21	509	1 065
Oppland	1 005	536	390	-96	432	152
Buskerud	944	732	508	764	1 253	926
Vestfold	1 039	681	438	694	517	330
Telemark	745	369	188	-449	-531	352
Aust-Agder	374	303	341	245	570	684
Vest-Agder	1 028	818	847	542	230	73
Rogaland	3 073	2 331	2 241	132	194	1 133
Hordaland	3 489	3 199	2 703	-4	-490	-1 205
Sogn og Fjordane	564	498	349	-532	-357	125
Møre og Romsdal	2 071	1 684	1 234	-939	-87	-556
Sør-Trøndelag	1 935	1 720	1 280	439	-235	-291
Nord-Trøndelag	837	737	474	-580	486	89
Nordland	2 260	1 342	1 057	-3 102	-626	-716
Troms	1 647	1 182	856	-860	587	49
Finnmark	1 071	960	620	-1 180	112	-538

Vi kan altså slå fast at på grunn av fødselsnedgangen har den naturlege folkeauken i storparten av fylka blitt vesentleg nedskoren i løpet av tidsrommet 1969-75. Samstundes vart nettoflyttingane mellom landsdelene sterkt dempa i åra 1971-73, men denne situasjonen har ikkje halde seg. I 1974 og 1975 har utviklinga atter gått i retning av det flyttemønsteret som rådde inntil 1970. Dersom nettoflyttinga mellom landsdelene i dei komande åra når opp mot nivået frå før 1970, vil dette gje seg heilt annleis merkbare utslag på befolkningsutviklinga i dei tradisjonelle fråflyttingsområda som i mellomtida har fått halvert den naturlege folkeauken dei skal møte avgangen med.

8. Flyttingane mellom Norge og utlandet

Flyttestraumane inn og ut av landet har gjeve Norge eit etter måten stabilt tilskot på 4-5 000 personar pr. år sidan 1971. Flyttemønsteret bak desse netttotala har også lege temmeleg fast. For norske statsborgarar har det vore omtrent likevekt med 7-8 000 inn- og utflytte kvart år. Innflyttinga av personar med utanlandsk statsborgarskap fall noko frå om lag 11 000 i 1971 til 10 000 i 1973, men steig igjen til 12 000 i 1975. Utflyttinga av utanlandske statsborgarar har gått noko meir uregelmessig, men tendensen har vore stigande frå dryge 5 000 i 1971 til knapt 7 000 i 1975. For utlendingar er det altså ein klar nettostraum inn i landet.

Den nasjonale samansettinga av dei utanlandske innflyttarane har ikkje endra seg mykje. For innflyttarane frå Norden har andelen vore svakt stigande frå 26 til 31 prosent i tidsrommet 1971-75. Andelen frå Vest-Europa og Nord-Amerika har minka litt, medan andelen frå verda elles minka frå 29 prosent i 1971 til 26 i 1973; for så atter å stiga til 32 prosent i 1974 og 31 prosent i 1975.

9. Samandrag

Befolkningsutviklinga i Norge i 1975 ligg på dei fleste punkt i framhaldet av den utviklinga som har prega tiåret sidan 1965.

Det årlege talet på fødde byrja å falla frå 1969, og denne nedgangen vart ytterlegare forsterka frå 1974 til 1975. Bak nedgangen ligg for det første ein ekteskapeleg fertilitet som har minka snøgt sidan 1966. Dessutan er ein vitne til ei glidning mot eit nytt ekteskapsmønster prega av høgare giftarmålsalder og ein større andel varig ugifte. Her kan omslaget tidfestast til kring 1970. Fertiliteten utanfor ekteskap steig etter måten raskt til 1972, og har vist ein ny svak oppgang i 1974-75. Dette kan vera ein indikator på eit aukande tal ikkje-formaliserte samliv.

Det årlege talet på døde har vore svakt stigande gjennom heile etterkrigstida. Dette skuldast at andelen eldre i befolkninga veks, og denne veksten vil halda fram i endå femten års tid. Dei bakanforliggjande mortalitetsforholda er derimot stadig i betring for begge kjønn.

Storleiken på og strukturen i flyttingane til og frå utlandet har berre undergått mindre endringar dei seinaste åra. Men for dei innanlandske flyttingane har endringane vore store. Eit radikalt nytt flyttemønster i 1971-73 førte til ei sterk redusering av flyttingane mellom landsdelene. Men 1974 og især 1975 varslar ei tilbakevending til mønsteret frå før 1970, med ei tydeleg netto-overføring av menneske frå Nord-Norge, Vestlandet og Trøndelag til Austlandet og Sørlandet.

Utkome i serien ART

Issued in the series Artikler fra Statistisk Sentralbyrå (ART)

* Utselt *Out of sale*

- Nr. 1* Odd Aukrust: Investeringenes effekt på nasjonalproduktet *The Effects of Capital Formation on the National Product* 1957
28 s. Utselt
- " 2* Arne Amundsen: Vekst og sammenhenger i den norske økonomi 1920 - 1955 *Growth and Interdependence in Norwegian Economy* 1957
40 s. Utselt
- " 3* Statistisk Sentralbyrås forskningsavdeling: Skattlegging av personlige skattytere i årene 1947 - 1956 *Taxation of Personal Tax Payers* 1957 8 s. Utselt
- " 4 Odd Aukrust og Juul Bjerke: Realkapital og økonomisk vekst 1900 - 1956 *Real Capital and Economic Growth* 1958 32 s.
kr 3,50
- " 5 Paul Barca: Utviklingen av den norske jordbruksstatistikk *Development of the Norwegian Agricultural Statistics* 1958
23 s. kr 2,00
- " 6 Arne Amundsen: Metoder i analysen av forbruksdata *Methods in Family Budget Analysis* 1960 24 s. kr 5,00
- " 7* Arne Amundsen: Konsumelastisiteter og konsumprognoser bygd på nasjonalregnskapet *Consumer Demand Elasticities and Consumer Expenditure Projections Based on National Accounts Data* 1963
44 s. kr 5,00 Utselt
- " 8 Arne Øien og Hallvard Borgenvik: Utviklingen i personlige inntektsskatter 1952 - 1964 *The Development of Personal Income Taxes* 1964 30 s. kr 5,00
- " 9 Hallvard Borgenvik: Personlige inntektsskatter i sju vest-europeiske land *Personal Income Taxes in Seven Countries in Western Europe* 1964 16 s. kr 5,00
- " 10* Gerd Skoe Lettenstrøm og Gisle Skancke: De yrkesaktive i Norge 1875 - 1960 og prognoser for utviklingen fram til 1970 *The Economically Active Population in Norway and Forecasts up to 1970* 1964 56 s. kr 6,00 Utselt
- " 11* Hallvard Borgenvik: Aktuelle skattetall 1965 *Current Tax Data* 1965 38 s. kr 6,00 Utselt
- " 12 Idar Møglestue: Kriminalitet, årskull og økonomisk vekst *Crimes, Generations and Economic Growth* 1965 63 s. kr 7,00
- " 13 Svein Nordbotten: Desisjonstabeller og generering av maskinprogrammer for granskning av statistisk primærmateriale *Decision Tables and Generation of Computer Programs for Editing of Statistical Data* 1965 11 s. kr 4,00
- " 14 Gerd Skoe Lettenstrøm: Ekteskap og barnetall - En analyse av fruktbarhetsutviklingen i Norge *Marriages and Number of Children - An Analysis of Fertility Trend in Norway* 1965 29 s. kr 6,00
- " 15* Odd Aukrust: Tjue års økonomisk politikk i Norge: Suksesser og mistak *Twenty Years of Norwegian Economic Policy: An Appraisal* 1965 38 s. kr 6,00 Utselt

- Nr. 16 Svein Nordbotten: Long-Range Planning, Progress- and Cost-Reporting in the Central Bureau of Statistics of Norway *Langtidsprogrammering, framdrifts- og kostnadsrapportering i Statistisk Sentralbyrå* 1966 17 s. kr 4,00
- " 17* Olav Bjerkholt: Økonomiske konsekvenser av nedrustning i Norge *Economic Consequences of Disarmament in Norway* 1966 25 s. kr 4,00 Utselt
- " 18 Petter Jakob Bjerve: Teknisk revolusjon i økonomisk analyse og politikk? *Technical Revolution in Economic Analysis and Policy?* 1966 23 s. kr 4,00
- " 19 Harold W. Watts: An Analysis of the Effects of Transitory Income on Expenditure of Norwegian Households 1968 28 s. kr 5,00
- " 20 Thomas Schiøtz: The Use of Computers in the National Accounts of Norway *Bruk av elektronregnemaskiner i nasjonalregnskapsarbeidet i Norge* 1968 28 s. kr 5,00
- " 21* Petter Jakob Bjerve: Trends in Quantitative Economic Planning in Norway *Utviklingstendensar i den kvantitative økonomiske planlegginga i Norge* 1968 29 s. kr 5,00
- " 22 Kari Karlsen og Helge Skaug: Statistisk Sentralbyrås sentrale registre *Registers in the Central Bureau of Statistics* 1968 24 s. kr 3,50
- " 23* Per Sevaldson: MODIS II A Macro-Economic Model for Short-Term Analysis and Planning *MODIS II En makroøkonomisk modell for korttidsanalyse og planlegging* 1968 40 s. kr 4,50
- " 24 Olav Bjerkholt: A Precise Description of the System of Equations of the Economic Model MODIS III *Likningssystemet i den økonomiske modell MODIS III* 1968 30 s. kr 4,50 Utselt
- " 25 Eivind Hoffmann: Prinsipielt om måling av samfunnets utdanningskapital og et forsøk på å måle utdanningskapitalen i Norge i 1960 *On the Measurement of the Stock of Educational Capital and an Attempt to Measure Norway's Stock of Educational Capital in 1960* 1968 60 s. kr 5,00
- " 26 Hallvard Borgenvik: Aktuelle skattetall 1968 *Current Tax Data* 1969 40 s. kr 7,00
- " 27 Hallvard Borgenvik: Inntekts- og formuesskattlegging av norske kapitalplasseringer i utlandet *Income and Net Wealth Taxes of Norwegian Investment in Foreign Countries* 1969 40 s. kr 7,00
- " 28 Petter Jakob Bjerve og Svein Nordbotten: Automatisasjon i statistikkproduksjonen *Automation of the Production of Statistics* 1969 30 s. kr 7,00
- " 29 Tormod Andreassen: En analyse av industriens investeringsplaner *An Analysis of the Industries Investment Plans* 1969 26 s. kr 5,00
- " 30* Bela Balassa og Odd Aukrust: To artikler om norsk industri *Two Articles on Norwegian Manufacturing Industries* 1969 40 s. kr 5,00
- " 31* Hallvard Borgenvik og Hallvard Flø: Virkninger av skattereformen av 1969 *Effects of the Taxation Reform of 1969* 1969 35 s. kr 7,00 Utselt
- " 32 Per Sevaldson: The Stability of Input-Output Coefficients *Stabilitet i kryssløpskoeffisienter* 1969 40 s. kr 7,00

- Nr. 33 Odd Aukrust og Hallvard Borgenvik: Inntektsfordelingsvirkninger av skattereformen av 1969 *Income Distribution Effects of the Taxation Reform of 1969* 1969 29 s. kr 7,00
- " 34 Odd Aukrust og Svein Nordbotten: Dataregistrering, dataarkiver og samfunnsforskning *Data Registration, Data Banks and Social Research* 1970 43 s. kr 7,00
- " 35 Odd Aukrust: PRIM I A Model of the Price and Income Distribution Mechanism of an Open Economy *PRIM I En modell av pris- og inntektsfordelingsmekanismen i en åpen økonomi* 1970 61 s. kr 7,00
- " 36 Arne Amundsen: Konsumets og sparingens langsiktige utvikling *Consumption and Saving in the Process of Long-Term Growth* 1970 18 s. kr 5,00
- " 37 Steinar Tamsfoss: Om bruk av stikkprøver ved kontoret for intervjuundersøkelser, Statistisk Sentralbyrå *On the Use of Sampling Surveys by the Central Bureau of Statistics, Norway* 1970 46 s. kr 7,00
- " 38 Svein Nordbotten: Personmodeller, personregnskapssystemer og persondataarkiver *Population Models, Population Accounting Systems and Individual Data Banks* 1970 28 s. kr 7,00
- " 39 Julie E. Backer: Variasjoner i utviklingen hos nyfødte barn *Variations in the Maturity Level of New Born Infants* 1970 36 s. kr 7,00
- " 40 Svein Nordbotten: Two Articles on Statistical Data Files and their Utilization in Socio-Demographic Model Building *To artikler om statistiske dataarkiver og deres bruk i sosio-demografisk modellbygging* 1971 30 s. kr 7,00
- " 41 Per Sevaldson: Data Sources and User Operations of MODIS, a Macro-Economic Model for Short Term Planning *Datagrunnlag og brukermåtevirking ved MODIS, en makroøkonomisk modell for planlegging på kort sikt* 1971 31 s. kr 7,00
- " 42 Erik Biørn: Fordelingsvirkninger av indirekte skatter og subsidier *Distributive Effects of Indirect Taxes and Subsidies* 1971 42 s. kr 5,00
- " 43 Hallvard Borgenvik og Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetall 1970 *Current Tax Data* 1971 53 s. kr 7,00
- " 44 Vidar Ringstad: PRIM II En revidert versjon av pris- og inntektsmodellen *PRIM II A Revised Version of the Price and Income Model* 1972 43 s. kr 7,00
- " 45 Jan M. Hoem: Purged and Partial Markov Chains *Lutrede og partielle Markovkjeder* 1972 16 s. kr 5,00
- " 46 Jan M. Hoem: Two Articles on the Interpretation of Vital Rates *To artikler om tolking av befolkningsrater* 1972 33 s. kr 7,00
- " 47 Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetall 1972 *Current Tax Data* 1972 58 s. kr 8,00
- " 48 Vidar Ringstad: Om estimering av økonomiske relasjoner fra tverrsnitts-, tidsrekke- og kombinert tverrsnitts tidsrekke - data *On the Estimation of Economic Relations Using Cross Section-, Time Series - and Combined Cross Section - Time Series - Data* 1972 26 s. kr 7,00

- Nr. 49 Jan M. Hoem: On the Statistical Theory of Analytic Graduation
Statistisk teori for analytisk glatting 1972 41 s. kr 7,00
- " 50 Henry M. Peskin: National Accounting and the Environment
Nasjonalregnskap og miljøverdier 1972 60 s. kr 8,00
- " 51 Eivind Gilje: Analytic Graduation of Age-Specific Fertility Rates
Analytisk glatting av aldersspesifikke fødselsrater 1972 49 s. kr 8,00
- " 52 Jan M. Hoem og Arne Rideng: Kommentarer til Statistisk Sentral-
byrås framskrivning av folkemengden i kommunene 1972-2000
Comments to the Regional Population Projections for Norway
1972 29 s. kr 7,00
- " 53 Juul Bjerke: Estimering av konsumfunksjoner på grunnlag av
nasjonalregnskapsdata 1865-1968 *Estimating Consumption Functions*
from National Accounts Data 1972 60 s. kr 8,00
- " 54 Jan M. Hoem: Usikkerhet ved befolkningsprognoser *Inaccuracy*
of Population Projections 1973 63 s. kr 8,00
- " 55 Erik Biørn: Prognoser for de langsiktige endringer i sammenset-
ningen av det private konsum *Long Term Forecasts for the Changes*
in the Composition of the Private Consumption 1973 63 s.
kr 8,00
- " 56 Jan M. Hoem: Inhomogeneous Semi-Markov Processes, Select Actuarial
Tables, and Duration-Dependence in Demography *Inhomogeneous semi-*
markovprosesser, selekte aktuartabeller og varighetsavhengighet
i demografi 1973 54 s. kr 8,00
- " 57 Svein Brenna: Revisjon av indeksene for utenrikshandelen
Revision of Indices for Foreign Trade 1973 47 s. kr 7,00
- " 58 Jan M. Hoem: Statistisk Sentralbyrås utvalgsundersøkelser:
Elementer av det matematiske grunnlaget *The Sample Surveys of*
the Central Bureau of Statistics of Norway: Basic Mathematical
Elements 1973 59 s. kr 8,00
- " 59* Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetal 1973 *Current Tax Data*
1973 63 s. kr 8,00
- " 60 Per Sevaldson: Om oppstilling og bruk av regionalt nasjonal-
regnskap *Construction and Use of Regional National Accounts*
1973 74 s. kr 7,00
- " 61 Jan M. Hoem: Levels of Error in Population Forecasts
Usikkerhetsnivåer ved befolkningsprognoser 1974 46 s. kr 8,00
- " 62 Arne Rideng og Bjørn Lied Tønnesen: Statistisk Sentralbyrås
regionale befolkningsframskrivinger Nåværende opplegg og ut-
viklingsplaner 1974 *The Regional Population Projections of the*
Central Bureau of Statistics of Norway Current Procedure and
Plans for the Future 1974 25 s. kr 7,00
- " 63 Erik Biørn: Estimering av makro-konsumfunksjoner for etterkrigs-
tiden: Metodospørsmål og empiriske resultater *Estimating*
Aggregate Consumption Functions for the Post-War Period: Methodo-
logical Problems and Empirical Results 1974 84 s. kr 8,00
- " 64 Terje Assum: Hvem har nytte av forbrukerservice? *To Whose*
Benefit is the Consumer Service? 22 s. kr 5,00
- " 65 Jan Byfuglien: Bosettingskart over Norge 1970: Grunnlag, inn-
hold og bruk *Map of the Population Distribution of Norway 1970:*
Basis, Contents and Use 1974 43 s. kr 7,00

- Nr. 66 John Dagsvik: Etterhåndsstratifisering og estimering innen delbestander *Post-Stratification and Estimation within Subpopulations* 1974 49 s. kr 7,00
- " 67 Arne Rideng: Klassifisering av kommunene i Norge 1974 *Classification of the Municipalities of Norway* 56 s. kr 7,00
- " 68 Erik Biørn: Estimating the Flexibility of the Marginal Utility of Money: An Errors-in-Variables Approach *Estimering av pengenes grensenyttefleksibilitet: et opplegg med feil i de variable* 1974 18 s. kr 5,00
- " 69 Hele Brunborg: Framskrivning av folkemengden i Norge 1973-2100 Et analytisk eksperiment *Population Projections for Norway An Analytic Experiment* 1974 100 s. kr 8,00
- " 70 Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetall 1974 *Current Tax Data* 1974 73 s. kr 8,00
- " 71 Vidar Ringstad: Some Empirical Evidence on the Decreasing Scale Elasticity *Noen resultater for produktfunksjoner med fallende passuskoeffisient for norsk bergverk og industri* 1974 20 s. kr 5,00
- " 72 Jon D. Engebretsen: En modell for analyse av utviklingen i de direkte skatter: Skattemodellen i MODIS IV *A Model for Analysis of the Development in Direct Taxes: Tax Model in MODIS IV* 1974 65 s. kr 8,00
- " 73 Lars Østby: Hvem flytter i Norge? Tendenser i flyttergruppens sammensetning etter 1950 *The Migrants in Norway Trends in the Composition of the Migrant Group after 1950* 1975 23 s. kr 5,00
- " 74 Erik Biørn: Avskrivningsregler og prisen på bruk av realkapital *Depreciation Rules and the User Cost of Capital* 1975 46 s. kr 7,00
- " 75 Erling Sverdrup: Multiple Comparisons by Binary and Multinary Observations *Multiple sammenlikninger ved binære og multinære observasjoner* 1975 33 s. kr 7,00
- " 76 Tor Fr. Rasmussen: Yrkesbefolkningen i Norge *The Economically Active Population in Norway* 1975 95 s. kr 8,00
- " 77 Erik Biørn: The Distributive Effects of Indirect Taxation: An Econometric Model and Empirical Results Based on Norwegian Data *Fordelingsvirkningene av den indirekte beskatning: En økonometrisk modell og empiriske resultater basert på norske data* 1975 17 s. kr 5,00
- " 78 Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetall *Current Tax Data* 1975 45 s. kr 8,00
- " 79 Idar Møglestue: Befolkningens utdanningsbakgrunn En analyse av tall fra Folketelling 1970 *Educational Background of the Population An Analysis of Data from Population Census 1970* 1975 89 s. kr 8,00
- " 80 Knut Ø. Sørensen: Statistisk Sentralbyrås befolkningsprognosemodell ved de regionale framskrivninger 1975 *The Population Projection Model of the Central Bureau of Statistics of Norway in the Regional Projections* 1975 48 s. kr 8,00
- " 81 Petter Jakob Bjerve: Two Addresses on Statistical Co-operation *To talar om statistisk samarbeid* 1976 20 s. kr 5,00
- " 82 Gerd Skoe Lettenstrøm: Fødselstall i ekteskapskohorter 1965-1972 En analyse på grunnlag av registerdata *Fertility of Marriage Cohorts An Analysis Based on Register Data* 1976 64 s. kr 8,00

- Nr. 83 Lorents Lorentsen og Tor Skoglund: MSG-3 En modell for analyse av den langsiktige økonomiske utvikling *MSG-3 A Model for Analysis of the Long Term Economic Development* 1976 46 s. kr 7,00
- " 84 Petter Jakob Bjerve: Trends in Norwegian Planning 1945-1975 *Utviklingstendensar i norsk planlegging gjennom 30 år* 1976 42 s. kr 7,00
- " 85 Idar Møglestue og Arild Jeber: Utdanning og yrke til lærerkandidatene fra 1965 *Education and Occupation of Graduates from Teachers' Training Colleges in 1965* 1976 55 s. kr 8,00
- " 86 Jan M. Hoem, Erling Berge og Britta Holmbeck: Four Papers on the Analytic Graduation of Fertility Curves *Fire artikler om analytisk glatting av fruktbarhetskurver* 1976 57 s. kr 8,00
- " 87 On the Estimation of Dynamic Relations from Combined Cross Section Time Series Data *Om estimering av dynamiske relasjonar frå tverrsnittstidsrekke-data* 19 s. kr 5,00
- " 90 Utviklingstendensar i 1975 i Norges befolkning *Trends in the Norwegian Population* 27 s. kr 7,00

Publikasjonen utgis i kommisjon hos
H. Aschehoug & Co., Oslo, og er til salgs hos alle bokhandlere
Pris kr 5,00

Omslag trykt hos Grøndahl & Søn Trykkeri A.s, Oslo

ISBN 82 - 537 - 0654 - 5